

REFERAT FRÅ MØTE I AUSTEVOLL BRUSELSKAP 16. FEBRUAR 2019

Desse møtte: Leiar Anja Heggholmen
Nestleiar Knut Klepsvik
Renate Møgster Klepsvik

Forfall: Harald Rydland
Anita Garlid Johannessen

Varamedlem var kalla inn, men hadde ikkje høve til å møta.

I tillegg møtte frå sekretariatet Thomas Martin Larsen (referent og rekneskapsfører for bruselskapet).

Sak 001/18: Forslag til takstvedtak for nedbetaling av Austevollsbrua på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg

Styreleiar orienterte om brevet frå Statens vegvesen med berekningar rundt framtidige inntektar etter innføring av Autopass-regulativet, og det ble diskutert rundt betaling og kva for takst som skal leggjast til grunn for nullutsleppskjøretøy. Styret ønsjer betaling for nullutsleppskjøretøy lik 35% av andre kjøretøy.

Vedtak: Styret i Austevoll bruselskap AS støtter tilråding frå Statens vegvesen og rådmannen med følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Austevoll kommune ber om at bompengetakstar for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet
2. Austevoll kommune ber om at nullutsleppskjøretøy skal ha bompengetakst tilsvarande eit tillegg på 9 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

Sak 002/18: Orientering om sal av Austevoll kommune sine aksjar i Austevoll bruselskap AS – Sørvest Bomvegselskap AS

Styreleiar orienterte om vedtak i Austevoll kommunestyre om at kommunen skal selje sine aksjer i Austevoll bruselskap AS til Ferde AS. Salet blir gjennomført 28.02.2018.